

SAK 38/07 ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL OG VALDRES

Saksopplysningar:

Arbeidet med ein felles klimaplan for regionane Hallingdal og Valdres, har sitt utspring frå vedtak som er gjort i representantskapa i avfallsselskapa i Hallingdal og Valdres.

Hallingdal Renovasjon har gjort følgjande endring i sin formålsparagraf som lyder slik:
”Selskapet skal også drive produksjon og salg av energi basert på forbrenning av avfall og andre ressurser. Selskapet skal være en pådriver for en positiv miljørettet utvikling innenfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som en grønn region.”

Valdres Kommunale Renovasjon IKS fatta følgjande vedtak i sak 04/07:

” Representantskapet ber VKR om å ta initiativ for å få utarbeidet en felles Klimaplan for Valdres.”

Med bakgrunn i desse vedtaka vart det gjennomført eit fellesmøte mellom dei to avfallselskapa der det vart bestemt å arbeide vidare med ein felles klimaplan. I den vidare prosessen vart regionråda involvert, representert ved ordførar Audun Aasheim og ordførar Eivind Brenna. I tillegg vart siv.ing. Kjell Gurigard leigd inn som prosjektleiar. Det har hittil i prosessen vore 2 møter i arbeidsgruppe og to møter i styringsgruppa.

Som eit resultat av dette arbeidet er det laga eit utkast til prosjektbeskrivelse (vedlegg 1), som skal handsamast i regionråda, før endeleg handsaming i dei respektive kommunane.

Prosjekt mål:

Hovudmålet for prosjektet er å bidra til at regionen tek sin del av nasjonale klimagassforpliktingar.

Resultatmål:

Kommunane skal vedta ein handlingsplan som skal bygge holdningar, involvere barn – og unge og berekne og prioritere klimagassreducerande tiltak som oppfyller hovudmåla.

Vidare skal planen omfatte fleire arbeidsområde som:

- A. Tiltaksplan
- B. Haldningar
- C. Førebilete-region for barn og unge

Hol og Ål kommune er i gang med konkret varmeplanlegging for å sjå nærare på nærvarme-/fjernvarmeprosjekt i sine sentrumsområde. I Valdres har Ø.Slidre kommune fatta vedtak om å laga ein klimaplan. Det bli likevel vurdert som ein stor fordel å få desse kommunane med i prosjektet for å oppnå ein regional mobilisering, der ein ser på ressursar og energibruk i ein heil region og ikkje minst oppbygging av eit fagleg nettverk. Dette er og vurdert å ha mykje å seie for gjennomføring av planen.

Planen er tenkt å ha status som kommunedelplan i kvar kommune.

Prosjektgruppa har foreslått eit samla budsjett på 3,6 mill kr. Dette er tenkt finansiert ved tilskot på 2,8 mill kr. frå deltakarane og gjennom andre bidragsytarar som Enova m.fl.

Frå kvar kommune (12 stk.) er det rekna med eit økonomisk tilskot på kr. 50.000,-.

Det er lagt inn ein eigeninnsats på 0,8 mill kr. frå kommunane og frå dei to avfallsselskapa.

Når det gjelder framdriftsplanen er det planlagt at tiltaksplan skal vera klar juni 2009.

KRD og OED har lansert prosjektet; "Grønne energikommuner"

"Grønne energikommuner" handlar om å få kommunane til å satse på energieffektivisering, alternativ fornybar energi, som bioenergi, og å få ned klimagassutslippa i kommune-Noreg. KRD skal bruke 30 millionar kroner til prosjektet og vil m.a. bidra med midlar til klima- og energipådrivarar i dei einskilde nettverk.

Til no er fylgjande kommunar valt som "Grønne energikommuner" og fordeler seg på desse nettverka:

Hadeland: Gran, Lunner, Jevnaker og Oppland fylkeskommune

Sør-Norge: Ås, Re, Lier og Ringerike

Midt-Norge: Trondheim, Rennebu, Sunndal og Tingvoll

Hedmark: Trysil, Åmot, Elverum, Stor-Elvdal og Engerdal

Nord-Norge: Bardu, Målselv, Lenvik, Sørreisa og Narvik.

Vurdering:

I følgje Senter for klimaforskning og Transportøkonomisk Institutt kan kommunane kutte opptil 15% av Norges totale klimagassutslipp. Dette handlar m.a. anna om energieffektivisering i bygg, omlegging til miljøvennleg oppvarming, meir miljøvennleg transport og å bruke avfall til å produsere energi.

Kommunane eig 25% av alle næringsbygg i Norge og står for 1/3 av energibruken i norske næringsbygg. I følgje Enova bruker kommunane ca 4 mrd kroner årleg på energibruk i eigen bygningsmasse. Det er mogeleg for kommunane å spare ein halv milliard kr årleg på energiøkonomiserande tiltak i kommunale bygg.

Ein del kommunar har vedteke sine energi- og klimaplanar og mange er i gang, totalt i underkant av 100.

Regjeringa meiner at alle kommunar i løpet av året bør få på plass ein energi – og klimaplan.

Enova kan støtte utarbeiding av slike planer med opp til 50% av prosjektkostnadane, bygrensa oppad til kr 100.000 kr. Alle kommunar som har søkt så langt har fått støtte.

Initiativet og det framlagt prosjekt samsvarar med Regjeringa sine målsettingar og kan vera eit viktig bidrag i kampen mot klimagassutslippa. Det kan bety mykje for Hallingdal og Valdres dersom det gjennom prosjektet blir etablert reelle samarbeidstiltak, der Hallingdal og Valdres kan framstå som den "Grønne region" på landsbasis. I ein slik samanheng bør målet vera å koma inn under ordninga "Grønne energikommuner".

Samarbeidet mellom regionane Hallingdal og Valdres har gode erfaringar gjennom det samarbeidet som er etablert mellom dei to avfallsselskapa, gjennom næringsavfallsselskapet, Retura Val-Hall AS. Med utgangspunkt i dette samarbeide og dei krav som blir sett til kommunane i klimasamanheng, vil dette prosjektet vera banebrytande med dei mål som er satt.

Ein felles klimaplan for regionane Hallingdal og Valdres vil vera ein samordna plan som vil fungere som ein overbygning for dei 12 kommunane. I tillegg vil den enkelte kommune kunne ha supplerande planer som tek for seg andre område som ikkje blir omfatta av ein felles plan.

Ein felles energi- og klimaplan for regionane Hallingdal og Valdres vil kunne gje:

- Felles løysingar og tiltak som gjev effektiviseringsgevinstar
- Profilering og marknadsføring av Hallingdal og Valdres som den ”Grønne regionen”
- God ressursutnytting ved gjennomføring av sjølve planarbeidet
- Bidrag til tettare samarbeid mellom Hallingdal og Valdres, som t.d. kan vera fagleg nettverk mellom kommunane ved gjennomføring av planen.

Der samarbeidet etter mitt syn vil ha mest å hente i tillegg ”stordriftsfordelar” er tiltaket som går på å arbeide for å etablere Hallingdal og Valdres som forbilete-region for Enova si nasjonale satsing mot barn og unge i alderen 6 til 15 år.

Konkret er målet å at alle grunnskulane i regionen blir ”Regnmakerskole” og har gjennomført aktivitetar, for eksempel lokal Energikamp. (les meir på www.regnmakerne.no)

I eit vidare arbeid er det viktig at det blir teke omsyn til arbeid som er gjort eller blir gjort i forhold til energi- og klimaarbeidet, som t.d:

- Varmeplanar for Hol og Ål kommune
- Energiutgreingar for kommunane i Hallingdal (Hallingdal Kraftnett 2006)
<http://www.hallingdal-kraftnett.no/Energiutredning.htm>
- Erfaringar og kartleggingsarbeidd som vart gjort i samband med energinettverk for bygningssektoren i kommunane i Hallingdal, ”Enøk-nettverk i Hallingdal” (1999 – 2001).

Forslag til vedtak

1. Regionrådet i Hallingdal støttar forslaget om å utarbeide ein felles *Energi – og klimaplan for Hallingdal og Valdres*.
2. Regionrådet rår kommunane i Hallingdal til å delta i prosjektet innanfor ei økonomisk kostnadsramme på kr. 50.000,- for kvar kommune, i tillegg til ein viss eigeninnsats.
3. Det bør vera eit mål at prosjektet kjem inn under ordninga ”Grønne energikommuner”, der Hallingdal og Valdres blir den ”Grøne regionen”.
4. Det må klargjerast om kommunane vil vera med på satsinga som forbilete-region for Enova si nasjonale satsing mot barn og unge i alderen 6 til 15 år.
5. Ved å samordne arbeidet for to regionar og 12 kommunar bør det ligge effektiviseringsgevinstar i sjølve planarbeidet som må synleggjerast.

Ål 28.8.2007

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Prosjektbeskrivelse (utkast 22.8.2007)

Vedlegg 2: Pressemelding 22.6.2007

Prosjektbeskrivelse

(utkast 220807a)

1 Bakgrunn - opplegg

Fleire kommunar i Hallingdal og Valdres vurderer å setje i gang klimaplanarbeid i sin kommune. Renovasjonsselskapa og fleire kommuner ser behovet for utvikling av samarbeid og felles prosess mot ein geografisk overordna plan. Planen vil også vurdere og prioriterer konkrete energi-og klimatiltak i kvar kommune i dei to dalføra og vil kunne gi bedre resultat enn ei isolert planlegging i kvar kommune. Det er lagt vekt på sterk involvering og samarbeid med kvar kommune. Det ligger også moglegheiter for å etablere eit fagleg nettverk mellom kommunane under gjennomføring og fortsetjing av arbeidet.

Kommunane det gjeld er:

Hallingdal: Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå

Valdres: Vang, Vestre Slidre, Øystre Slidre, Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal

Renovasjonsselskapa i Hallingdal og Valdres er i gang med å intensivere samarbeidet om vidareutvikling av selskapa. Eitt konkret prosjekt er å bidra til at det blir utarbeidd ein felles regional energi-og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Dei to selskapa handterer avfall tilsvarande ei energimengd på 100 millionar kWh/år. Bruk av avfall for varmeproduksjon kan vere eit viktig bidrag både som energitilgang og klimagassreduksjonstiltak i åra framover.

Førebels:

- Hallingdal Renovasjon har vedtak i representantskapet på formålsendring, som no skal godkjennast i kommunane. I tillegg til det tradisjonelle formålet er forslaget frå representantskapet: ” *Selskapet skal også drive produksjon og salg av energi basert på forbrenning av avfall og andre ressurser. Selskapet skal være pådriver for en positiv miljørettet utvikling innenfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som en grønn region*”
- Regionrådet for Hallingdal er eit politisk samarbeidsorgan for dei 6 kommunane i Hallingdal. Ordførarane i Hallingdal utgjer Regionrådet. Dei vil ta saka opp til behandling i møtet 31.8. deretter vil kvar kommune behandle prosjektet.
- Representantskapet i Valdres Kommunale Renovasjon (sak 04/07): ”Representantskapet ber VKR om å ta initiativ for å få utarbeidet en felles Klimaplan for Valdres”.
- Forum for ordførere og rådmenn drøftar saka 3. sept og vil deretter ta saka til behandling i kommunestyra.
- Hol og Ål kommune er i gang med meir konkret varmeplanlegging for å sjå på evt nærvarme-/fjernvarmeprosjekt i eit sentrumsområde. Det blir likevel vurdert som ein stor fordel at desse kommunane er med på prosjektet for å oppnå ei regional mobilisering der ein ser på ressursar og energibruk i ein heil region og oppbygging av eit fagleg nettverk mellom kommunane under gjennomføring og oppfølging av planen.
- Planen skal ha status som kommunedelplan i kvar kommune

2 Samandrag

(Blir teke seinare)

3 Mål for prosjektet

3.1 Prosjekt mål

Hovedmålet for prosjektet er å bidra til at regionen tek sin del av nasjonale klimagassforpliktelsar.

Resultatmål: Kommunane skal vedta ein handlingsplan som skal byggje haldningar, involvere barn-og unge og berekne og prioritere klimagassreducerande tiltak som oppfyller hovudmålet

Planen skal fungere som ein reiskap som tek ein heilheitlege omsyn i saker vedkjem energi-klima-og miljø i kommunane og for regionen. Planen skal vere forankra i overordna nasjonale og fylkeskommunale målsetjingar. Det skal leggjast vekt på å få ein plan som er akseptert og som blir brukt både av offentlege og private.

Planen vil omfatte fleire arbeidsområde med kvar sine målsetjingar:

3.1.1 Område A: Tiltaksplan

Dokumentere klimagassutslepp til luft og finne tiltak for reduksjon av klimagassutslepp i regionen. Regionen skal ta sin del av nasjonale forpliktelsar. Spesielt skal det vurderast lokal energiproduksjon basert på nye-fornybare energikjelder.

3.1.2 Område B: Haldningar

Arbeide for å påverke innbyggjarane sine haldningar og motivere til val av energi-og miljøeffektive løysingar

3.1.3 Område C: Forbilete-region barn og unge

Arbeide for å etablere Hallingdal og Valdres som forbilete-region for Regnmakerne. "Regnmakerne" er Enova SF si nasjonale satsing mot barn og unge i alderen 6 til 15 år. Barn og unge er beslutningstakarar i framtida, er mottakelig for nye tankesett og handlingsmønster og kan lettare introdusere nye vanar heime og seinare i arbeidslivet. Konkret er målet å at alle grunnskulane i regionen blir "Regnmakerskole" og har gjennomført aktivitetar, for eksempel lokal Energikamp. (les meir på www.regnmakerne.no)

Evt tillegg: **Olle Rosendal sjekkar status og moglegheiter:**

1. Etablere Hallingdal og Valdres som ein "Grøn region",

Men dei 20 kommunane som skulle bli grønne kommuner er truleg alt plukka ut.

(Om grønne kommuner: " For å løfte fram kommuner som har store ambisjoner om å satse på bioenergi og få ned utslippene i sin kommune, har

Kommunaldepartementet tatt initiativ til et nytt prosjekt; *Grønne energikommuner*. Vi vil bruke nærmere 30 millioner kroner slik at opp til 20 kommuner får hentet inn kompetanse som trengs for å utvikle kommunene til miljøfyrtårn som andre kommuner kan lære av. Kommunene skal lage en helhetlig plan for energieffektivisering, energiomlegging til blant annet bioenergi og reduksjon av klimagassutslipp. I tillegg til kompetanse vil kommunene kunne få støtte fra Enova til å bytte ut olje og elektrisitet med biobasert fjernvarme, til energireducerende tiltak og til kompetanseheving. Innbyggere og bedrifter i kommunen skal også involveres i klimadugnaden.)

4 Aktivitetsplan, budsjett

Klima-og energiplan for Hallingdal og Valdres		
Aktiviteter og budsjett		
	Hovudmål: Bidra til at regionen tek sin del av nasjonale klimagassforpliktelsar	Budsjett [Mkr]
A	Tiltaksplan	1,8
	Resultatmål: Dokumentere klimagassutslepp til luft og finne tiltak for reduksjon av klimagassutslepp i regionen. Regionen skal ta sin del av nasjonale forpliktelsar.	
1	Beskrive og dokumentere status for klimagassutslepp for regionen, fordelt på stasjonær energi, avfall og transport pr kommune	
2	Avdekke og berekne tiltak innanfor stasjonær energi. Prioritere etter kostnad pr redusert tonn CO2	
3	Avdekke og berekne tiltak innanfor avfall. Prioritere etter kostnad pr redusert tonn CO2	
4	Avdekke og berekne tiltak innanfor transport. Prioritere etter kostnad pr redusert tonn CO2	
6	Tilby hjelp til utarbeiding av søknader, telefonhjelp til tidlegvurdering av prosjekt osv.	
7	Registrere ubenyttta bio-energiressursar pr kommune	
B	Haldningsarbeid - påverke innbyggjarane sine haldningar og motivere til val av energi-og miljøeffektive løysingar.	0,6
1	Innlegg i alle kommunestyre som del av søknadsprosess	
2	Presentasjon av rapport i kommunestyre, konklusjon som del av vedtak om å stå bak klima- og energimålsetjingar .	
3	Fagmøte i kvar kommune (evt fleire saman) Foreløpig målgruppe er både adm.og politisk leing, plan og byggesak. Saman med renoovasjonsselskap	
5	Utarbeide brosjyre som innstikk i elrekning, lokalavis, folder om klimagassutslepp i kommunane	
6	Gjennomføre kurs/temakveldar for ulike målgrupper (hushaldning, potensielle varmeleverandørar...)	
C	Etablere Hallingdal og Valdres som "forbilet-region" for barn og unge. involvering av skoleverk og barn/unge for energi-/miljøarbeid	1,0
1	Oppnår kontakt, interesse og engasjement i skuleverket.	
2	Møter/innsalg. Skulekontor, (felles?). Andre lag/organisasjonar??	
3	Planleggje opplegg for involvering av av barn/unge (prosjekt, energiregistrering...	
4	Besøk på alle skular. Evt invitere alle 6 klassingar (for eksempel) til energidag i kommunen eller dalføret. Innlegg, energikampkonkuransar?.	
5	Eksempel: Oppbygging og innkjøp av "Energi-hengar" i kvar dalføre. Utrusta med infomateriell, konkurransemateriell og det som trengs. Kan skifte "utstilling/innhald etter behov. Nytt klassetrinn kvart år	
6		
D	Prosjektleiing	0,2
	Prosjektleiing	
	Sluttrapport	
	SUM:	3,6

5 Om søkjarane

(Blir teke seinare)

6 Organisering og rapportering

Prosjektansvarlig: Ei kommune i kvart dalføre på vegne av resten.
(Søkjjer blant anna Enova på vegne av resten)

Organisering med:

- Styringsgruppe (blir bestemt bla. etter at finansiørar er klare). Førebels utkast
 - Adm og pol repr frå kvart dalføre (Alternativt regionråd-og forum)
 - Ein frå energiforsyning (i kvart dalføre?)
- Prosjektgruppe, vekt på dei som skal gjere konkret arbeid.
 - Ein frå kvart av renovasjonsselskapa
 - Personell frå kommuner (både fagleg og taktisk)
 - Skuleverk
 - Siv ing Kjell Gurigard AS, med samarbeidspartar.
- Referansegruppe, både for å få relevant input, involvering og for spreieing av informasjon og resultat, fundament for gjennomføring. Eksempel (i begge dalføre):
 - Oljeselskap
 - Skognæring
 - Kommuner (plan, byggesak, miljø). Minst ein frå kvar kommune
 - Organisasjonar (miljø, forbrukar)
 - Energiforsyning
 - Store utbyggjarar/investorar
 - Innovasjon N
 - fylkeskommune
 - + + +

Alt dette til diskusjon

7 Finansieringsplan

Finansieringsbudsjett:

Foreløpig. I tillegg blir Innovasjon Norge og KR D invitert til å bli med i prosjektet. Pr 220807 er ikkje dette avklart.

Budsjett

(pr 220807)	Tilskot [Mkr]	Eigen- innsats [Mkr]	Sum tilskot og eigeninnsats [Mkr]
12 kommuner i sum	0,6	0,6	1,2
Enova (kommuneprogrammet)	1,2	0	1,2
VKR/HR	0,5	0,2	0,7
Innovasjon N	?	0	
Nettselskap	0,5		0,5
KRD	?	0	
Sum [eks mva]	2,8	0,8	3,6

8 Framdrift

Vidare framdriftsplan:

- 31.august: Regionrådet i Hallingdal
- 3.sept: Forum for ordførere og rådmenn i Valdres
- Før 15.sept: Invitasjon sendt nettselskap
- Før 10.nov: Vedtak i alle kommunestyre
- Før 20.nov: Søknad sendt til eksterne finansiører
- Før 20.des: Svar frå alle finansiører
- Januar 08: Oppstartsmøte med styringsgruppe
- Juni 09: Ferdig tiltaksplan
- Juni 10: Evaluering. Kva har skjedd fyrste året?



Pressemelding

Renovasjонsselskapene i Hallingdal og Valdres er i gang med å intensivere samarbeidet om videreutvikling av selskapene. Ett konkret prosjekt er å vurdere mulighetene for utarbeidelse av en felles regional energi -og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Norske kommuner er utfordret på å lage kommunale energi -og miljøplaner for å få etablert handlingsplaner for reduksjon av energibruk og klimagassutslipp og flere kommuner i dalførene vurderer nå å sette i gang klimaplanarbeid for sin kommune.

De to selskapene håndterer avfall tilsvarende en energimengde på 100 millioner kWh/år. Bruk av avfall for varmeproduksjon kan være et viktig bidrag både som energitilgang og klimagassreduksjonstiltak i årene framover.

Vi tror at utvikling av samarbeid og felles prosess mot en geografisk overordnet plan som også vurderer og prioriterer konkrete energi - og klimatiltak i hver kommune i de to dalførene vil kunne gi bedre resultater enn en isolert planlegging i hver kommune.

Planen er tenkt gjennomført i nært samarbeid med hver kommune. Det ligger også muligheter for å etablere et faglig nettverk mellom kommunene under gjennomføring og fortsettelse av arbeidet.

Det er etablert en gruppe som består av personer fra styre/representantskap og administrasjon i begge selskapene som har målsetting om å presentere et felles prosjektforslag for Regionrådet i Hallingdal og Regionstyret i Valdres tidlig på høsten. Siv ing Kjell Gurigard er innleid konsulent for arbeidet. Foreløpig har gruppa tenkt mest på tiltak innen oppvarming og stasjonær energibruk, men videre arbeid med en prosjektplan vil vurdere og foreslå hvor bredt arbeidet skal favne.

26. juni 2007

**For
Valdres Kommunale Renovasjonsselskap IKS**

**Eivind Brenna (sign)
Medlem av representantskapet
Tlf 952 25696**

**For
Hallingdal Renovasjon IKS**

**Audun Aasheim (sign)
Leder av representantskapet
Tlf 32 06 83 00 / 905 54781**